

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 2 Førsla av høi

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Klepp

Emne:

Bygdelag:

Oppskr. av: H. H. Kleppe

Gard: Kleppe

(adresse): Kleppe, Jæren.

G.nr. 1

Br.nr. 19

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

I samråd med bonde Iven Vådeland 77 år. frå Klepp

## SVAR

Klepp herad ligg på slettelandet Jæren, og derfor er vasskane med försla av høi ikkje så store som i fjell og fjordbygder.


1.) I Klepp vert no mesteparten av høiet koyrt i hus med hjelp av hest; nokre får òg brukka Traktor. Men i eldre tider vart nok mesteparten av høiet på dei mindre gardane bore i hus. - No er det ikkje utmarkslått her, men i eldre tider var truleg neste slåtten i utmarka. For 20-30 år sidan vart utmarkslåtten heilt slutt, men dei mindre gardane heldt lengst på med det. - I utmarkaren vis ligg hest, elles må òg her høiet inn.

2.) Høiet vert no turka på plassen - i sater eller på heija. Her er ingen utlödor. I eldre tider var det mest vanleg å føra høiet heim til heimelöda. Dei såkalla "alvedansar" er nok merke etter høystakkar i utgamal tid. Hjerner ikkje til borsvalk eller slae. Høybora vart mykje laga til med hjelp av ei "fengriva" (med store tindar). Med denne riva laga ein ei "fengja" som vart lagt på "bora-tågjet" (tånet). Nokre i Kvar høibor. I "bora-tågjet" var det ei "hegl" & som "tågjet" vart bredt i gjennum når ein skulle "Rueppa" høibora. Ved beringa stakk ein så ein arm under kvart "tög" (tåu) og fekk det over aksla. Med tågjet "gjennum" "hegl" drag ein så til ettersom det hovde. Høyberaren måtte på jamnan greida seg sjølv. I høytida var alle som kunne arbeida, med. - Hjerner ikkje.

til meir eller roddesekk. - Låggestreng er ikkje nytta her.

Kiper var visst lite nytta her. I eldre tider er nok trillebør meir nytta. Kjemmer ikkje til at det var trillebør som herre vart nytta for høyførsla, det var dei vanlege til gardsbruk.

3). Lom for nemut vart høyet med det same ført heim til heimeløsa.

4). Lume brukar no 4-hjula vogn, men mest vanleg er høykjerra nytta. Ho er så breis som <sup>yttre kant av</sup> hjula, og over hjula er bygt som eit hus (tak). Langkjerra har ikkje store breisde enn avstandet mellom hjula innvendes. Men for at ikkje høyet skulle røyna iimpå hjula under Røyriinga, var det på Kjerra sett opp eit Brett til veru. Ordet "hjulslæde" er nytta for slik ei langkjerra. I eldre tider vart høyslæden nytta overalt. No er det visst ingen som brukar høyslæde. Det var ikkje nytta "skoning" på høyslæden. - Der var ikkje serlege reglar for kor ein kunne ne Røyra med høyslæde, og såvidt ein veit heller ikkje for hjul. Høyslædingane for høi- og Røyring vart helst ikkje nytta til anna bruk. "Krunder og Krokler" er er visst lite bruka her. - I eldre tider rekna ein 12 "fengjer" til eit lass på slæde. No kan det vera 250-300 kg eller meir på eit høykjerrlass. Kjemmer ikkje til reglar for det allra siste lasset, og det skulle ikkje ligga noko att. - Høylasset vart binde fast på høyslæden med hjelp av "høytong" og eit "Kneppetåg" framme og bak. . Høytonga var for allis laga av tre, men i seinare år er "langdraga" av stålstenger. "Kneppetåg" er namnet på det toget som ein bind lasset fast med. "A Kneppa lasset", er å binde lasset fast. - I eldre tider var det sjeldan nokon som nytta meir enn ein hest for høyslæden.

5) Lamslåt er ikkje nytta her i seinare tider.

6. Heller ikkje Røyriing av høi frå utmarka.